



Norsk Kulturarv

Årsmelding 2016

BYEN KUNNSKAP OPPLEVINGAR MENNESKET KYSTEN INNLANDET INSPIRASJON IDENTITET



 THE BEST IN HERITAGE®
IN PARTNERSHIP WITH EUROPA NOSTRA

VERN GJENNOM BRUK



Årsmelding 2016

1. Bakgrunn

Stiftelsen Norsk Kulturarv (SNK) vart oppretta i 1993 av Oppland fylkeskommune og har 29 innskyttarar av eigenkapital, hovudsakleg frå offentleg sektor.

Norsk Kulturarv hadde ved utgangen av 2 016 1218 enkeltmedlemmer, 270 næringsmedlemmer og ca 100 kommunar med samarbeidsavtale.

134 bedrifter er pr. dags dato tildelt kvalitetsmerket Olavsrosa.

2. Visjon

Norsk Kulturarvs visjon er

Vern gjennom bruk

Utvikling av nye næringer gjennom bruk av kulturarverdiar er ein vesentleg del av Norsk Kulturarvs arbeid. Norsk Kulturarv bidrar på denne måten til verdiskaping. Kulturminne som blir brukte aktivt, skapar tilhøyr og identitet.

Aktiv bruk er ein viktig premiss for ein levande og mangfaldig kulturarv.

Kulturarven er kjelde til livskvalitet gjennom gode opplevingar, samtidig som kulturarven gir grunnlag for næringsdrift. Inntekter som blir skapte, kan i neste omgang bli tilbakeført til vernearbeidet.

3. Formål

Norsk Kulturarv er ein interesseorganisasjon med formål å sikre kulturarven vår for komande generasjo-

nar gjennom berekraftig bruk langs kysten, i innlandet og i bystrøk. Norsk Kulturarv og er open for medlemskap for bedrifter, kommunar, fylkeskommunar, regionråd, organisasjonar og enkeltpersonar.

Norsk Kulturarv arbeider med haldningsskapande verksemd, informasjon og formidlar verdiar som **inspirasjon, kunnskap og identitet**.

Norsk Kulturarv skal profilere seg gjennom aksjonar, Olavsrosa, prosjekt og spesielle produkt.

4. SNKs Strategiplan 2017–20

Stiftelsen Norsk Kulturarv sitt styre vedtok ein ny strategiplan gjeldande fram til og med 2020.

Visjonen vår – Vern gjennom bruk – er uendra, og det å sikre vår felles kulturarv er formulert som stiftelsens formål.

Hovedmålsettingar:

- Norsk Kulturarv skal ivareta interessene til eigarar og brukarar av freda og verneverdige kulturminne
- Norsk Kulturarv skal arbeide for og delta aktivt i forsvarleg næringsutnytting av kulturarven
- Norsk Kulturarv skal gjennom økonomisk og fagleg bistand drive aktivt kulturminnevern med heile landet som arbeidsområde

Arbeidsområda:

- Ivaretaking av kulturarven og verdiskaping.
- Det nasjonale kvalitetsmerket Olavsrosa og næringsmedlemma.
- Kommunikasjon- og profileringsarbeid – Synleggjering av innsatsen vår.
- Politisk påvirkningsarbeid.
- Nettverksbygging.
- Berekraftig økonomi for organisasjonen.
- Kompetanse.

Strategiplanen dannar grunnlaget for årlege, konkrete handlingsplaner.

5. Styret si årsmelding for 2016

Stiftelsen Norsk Kulturarv sitt styre har i meldingsåret hatt 6 styremøte derav eitt på telefon, og har behandla 66 saker. Styret har i meldingsåret bestått av:

Styremedlemmer

- Kirsti Kolle Grøndahl – leiar
- Bjørn Ølander – nestleiar
- Ivar Odnos – Oppland Fylkeskommune
- Ellen Nordstoga fram til årsmøtet
- Hanne Kristin Jakhelln
- Jarle Braut
- Øystein Rudi
- Steinar Sørliet etter årsmøtet
- Reidar Stangenes

Vara

- Mariann Isumhaugen – for Ivar Odnes
- Randi Bårtvedt
- Hilde Grytting
- Tor Valdvik – Personleg vara for Reidar Stangenes

I vedtak i fylkestinget 19. april 2016 sa Oppland Fylkeskommune frå seg sin plass i styret for Norsk Kulturarv, og har etter dette ikkje møtt.

Tiltredande til styret:

- Jens Peter Ringstad, Fagrådet

Andre tillitsvalde i Norsk Kulturarv:

Valgkomité

- Ole Tvette Muriteigen – leiar
- Kirsti Indreede
- Erling Lae

Norsk Kulturarvs Fagråd

- Jens Peter Ringstad – leiar
- Bjørg Aaseng Vole
- Eir Ragna Grytli
- Arnstein Brekke

Stiftelsen er også morselskap med 100 % eigarskap i Senter for bygdekultur AS og 67 % av aksjane i Handverksskolen AS. Studieforbundet kultur og tradisjon eig dei andre 33 % av aksjane i Handverksskolen AS.

Styreleiar har fast godtgjersle, resten av styret har motegodtgjersle for frammøte.

6. Administrasjonen

Administrasjonen i Norsk Kulturarv har kontor i Edvard Storms veg 26 (den gamle prestgarden Ullinsvin) i sentrum av Vågåmo.

I tillegg har vi hatt kontor i Oslo. Dette vart flytta til Lillehammer f.o.m 1. november 2016.

Ved årsskiftet bestod administrasjonen av følgjande:

- Erik Lillebråten Direktor
- Reidar Stangenes Administrasjonssjef
- Mathias Øvsteng Redaktør for magasinet «Kulturarven»
- Tor Valdvik Kommunikasjonssjef, leiar Norsk Smaksskule
- Per Ivar Berget Kjøkenfagleg medarbeidar i Norsk Smaksskule frå 9. mars
- Randi Anita Skogum Organisasjonsmedarbeidar

Dette representerer 5,5 årsverk.

Mathias Øvsteng gjekk over til alderspensjon f.o.m 1. november 2016, og var engasjert til arbeid med magasinet Kulturarven heile november og desember.

7. Årsmøtet 2016

Norsk Kulturarv sitt fagseminar og årsmøte vart halde i Bodø onsdag 1. og torsdag 2. juni.

Årsmøtet var ope for alle samarbeidskommunar, enkelt-, bedrifts- og næringsmedlemmer.

Årsmøtet vedtok ei fråsegn der ein uttrykte uro når det gjeld kven som skal ta vare på prestgardane våre.

8. Økonomi

Rekneskapen for 2016 syner negativt årsresultat for Stiftelsen Norsk Kulturarv på NOK 561 449,-.

Etter framlegging av økonomi-rapport for 1. og 2. tertial, foretok styre og administrasjon grundige drøftingar og gjennomgangar, og budsjett for 2016 vart revidert. Det vart iverksatt tiltak for å oppnå framtidig balanse i økonomien, noko som gav utslag i forbetring av årsresultatet for 2016.

Styret meiner at den framlagde resultatrekneskapen og balansen med tilhøyrande noter gir tilfredsstillande informasjon om drifta i

Stiftelsen Norsk Kulturarv pr. 31.12.2016.

Årsrekneskapen er sett opp under føresetnad av at det er grunnlag for framleis drift.

Sum bunden eigenkapital (stiftelseskapital og innskoten, registrert stiftelseskapital) er på kr 1 550 000,-.

Inntektene består av tilskott frå KLD (Klima- og miljødepartementet), LMD (Landbruks- og matdepartementet), ulike former for prosjektstøtte og kontingentar. Vi vil halde fram med arbeidet for å få pårekelege rammer frå det offentlege og inngå nye, langsiktige samarbeidsavtaler med kommunar og private selskap.

Grunnstøtta frå Klima- og miljødepartementet var i
2015: kr 1 140 700
2016: kr 1 116 600

9. Likestilling og arbeidsmiljø

Styret består av 2 kvinner og 5 menn, administrasjonen av 1 kvinne og 5 menn.

Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

10. Styret si vurdering for det vidare arbeidet

Norge har ein stor ressurs i vår kulturarv. Vi meiner at vi best tar vare på kulturarven når den er i aktiv bruk og når den får nye bruksmåtar, tilpassa vår tid.

Norsk Kulturarv skal stå fram som ein profilert aktør i forvaltninga av aktivt miljø- og kulturvern.

Norsk Kulturarv skal stå i fremste rekkje når det gjeld informasjon, haldningsskapande arbeid, rådgiving og deltaking i ulike forum der næringsutvikling basert på ulike kulturminne er tema.

Det må utviklast eit betre samarbeid mellom organisasjonane som arbeider for kulturarv, bygdeturisme

og matkultur til beste for næringsutøvarar og samfunn.

For å vidareutvikle reiselivet i Norge er det viktig å bruke kulturarven vår, med norsk mat og norske mattradisjonar, og å vidareutvikle kulturlandskapet.

Styret meiner det er godt grunnlag for vidare drift, trass i underskott i 2016. Målet for 2017 er eit positivt driftsresultat, jamfør budsjett.

11. Utoverretta verksemd

Enkeltpersonar, lag/organisasjonar og kommunar/fylkeskommunar kan vera medlemmer i Stiftelsen Norsk Kulturarv.

«Rydd eit kulturminne»

Ryddeaksjonen har som mål å bevare kulturminne, men samtidig skapar aksjonen mykje aktivitet rundt kulturminnet. I tillegg til at deltakarane lærer om kulturminnevern i praksis, får dei også mange andre viktige verdiar med på veien.

Fyrste ryddeaksjonen til Norsk Kulturarv vart arrangert i år 2000. Frå før hadde vi god erfaring med aksjonen «ta eit tak».

Med «Rydd eit kulturminne» blir barn og unge engasjert til å ta del i lokalt kulturminnevern.

Aksjonen skapar ein unik arena der barn og unge blir kjende med kulturarven sin, samtidig som dei aktivt tek del i bevaring og formidling av kulturarven. Takka vera samarbeidspartnarar – både finansielle og andre – kan denne aksjonen bli arrangert. I fyrste rekkje som bidragsytarar står Sparebankstiftelsen DNB og Riksantikvaren. Tildelte midler blir brukte til stipend og premiering.

Ryddeaksjon **2016/17** har eit budsjett på NOK 600 000,-. 64 søknadar frå heile landet er behandla, med rapporteringsfrist 1.mai 2017.

Totalt har vi gjennom aksjonane delt ut ca 5,8 millionar kroner til prosjekt som har engasjert meir enn 25 000 barn og unge!

I 2012 vart Norsk Kulturarv tildelt Europa Nostra Award og EU-kommisjonens Grand Prix for aksjonen «Rydd et kulturminne», og har i ettertid erfart at dette har gjeve oss oppmerksomheit langt utover landets grenser.

«Ta et tak»

Hausten 2016 lanserte vi ny «Ta et tak»-aksjon. Denne gongen fekk vi NOK 3 millionar frå Stiftelsen Uni.

«Ta et tak 2016–17» er den 11. aksjonen sidan byrjinga i 1998

Ca 16 millionar er nå fordelt på 2 583 prosjekt i løpet av dei 11 aksjonane våre.

«Norsk Smaksskule»

Smaksskulen er ein aksjon retta mot barn i barnehagar og grunnskule, der vi ønskjer å inspirere til interesse for mat- og råvarekunnskap som ein del av identitet og kulturarv. Det er viktig å lære barn til å setja pris på dei norske råvarene, dei naturlege smakane og den særnorske matkulturen.

Norsk Smaksskule hadde ei god utvikling i meldingsåret.

Så langt har meir enn 500 lærarar og barnehagelærarar frå heile landet blitt kursa og over 50 000 barn og unge har blitt engasjert i smakens teneste. Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Sparebankstiftelsen DNB og Nærings- og Fiskeridepartementet. Kurshaldarar er profilerte kokkar som Arne Brimi, Frode Selvaag, Jørn Lie og Wenche Andersen, saman med dr Agric Einar Risvik frå NOFIMA.

Norsk Smaksskule er drifta med Tor Valdvik og Per Ivar Berget som ansatte.

Kommunesamarbeidet

Kommunesamarbeidet omfattar ved årsskiftet oppunder 100 kommunar.

Avtala med kommunane omfattar profilering av ulike mindre, ikkje-kommersielle kulturminne i kommunane, undervisningsopplegg for grunnskulen og prioritert deltaking i samband med Norsk Kulturarvs aksjonar.

Informasjon

Nettsida vår, www.kulturarv.no, er ein betydeleg informasjonskanal.

I fleire år har samarbeidet med NAF og Nasjonal Turistveg/ Statens Vegvesen vore av stor betydning for Norsk Kulturarv og våre medlemsbedrifter, Olavsrose-stader og kommunar.

I 2016 har vi samarbeidd med NAF i utgjevinga av bøkene «Norges best omveier» og «Utsikter som gir innsikt».

Aktivitet i sosiale medium er sentrale kanalar for basisinformasjon om organisasjonen. Vi har ei svært godt besøkt Facebook-gruppe.

Magasinet vårt, KULTURARVEN, kom ut med fire nummer i 2016. I tillegg til distribusjonen blant medlemmer og næringsmedlemmer går KULTURARVEN til ulike politiske miljø både nasjonalt og regionalt, til kommunar med samarbeidsavtale, til bibliotek og ulike organisasjonar.

Responser på magasinet vårt er svært god, og vi er også sjølve veldig stolte av å kunna presentere eit så godt blad – fyrst og fremst til medlemma våre.

Det nasjonale kvalitetsmerket Olavsrosa

I 2016 er Olavsrosa utdelt til følgjande:

- Oselvarverkstaden, Os i Hordaland



- Skudeneshavn, Karmøy i Rogaland
- Lauvli, Theodor Kittelsens heim i Sigdal i Buskerud
- Devoldfabrikken/ Devold Tekniske Museum, Langevåg i Møre og Romsdal

I 2016 har styret vedtatt å tildele Olavsrosa til:

- Eidsverket, Bjørkelangen i Akershus
- Aur Prestegård, Aurskog-Høland i Akershus

Norsk Kulturarvs ærespris

Æresprisen går til enkeltpersonar eller grupper, lag og organisasjonar som har vist evne og vilje til å yte særleg aktiv innsats for den norske kulturarven.

Under festmiddagen i samband med fagseminar og årsmøte i Bodø, vart Norsk Kulturarvs ærespris for 2016 utdelt til Jon Brønne for «*høyt utviklet spisskompetanse i dekorativ*

malerkunst, stor innsats i konserverings- og restaureringsvirksomhet og eminent faglig formidling og undervisning».

Saman med diplom, mottok Brønne eit glasfat laga av Sigrid Høyforslett Bjørbæk.

Norsk Kulturarvs ærespris vart delt ut fyrste gong i 2007, blant anna til Jon Bojer Godal (2014) og H.M. Dronning Sonja (2015).

Norsk Kulturarvs gullnål

Norsk Kulturarvs gullnål er tildelt Christian Sulheim, Martin Vik, Inger-Lise Gjörv, Rune Øygard, Jens Peter Ringstad, Magnar Lussand, Inger-Lise Skarstein og Birger Brandtzæg.

I 2016 tildelte styret i Norsk Kulturarv gullnåla til Ellen Bojer Nordstoga for hennar store og viktige engasjement for den norske kulturarven og for vår organisasjon, ikkje minst som mangeårig tillitsvalgt hjå oss.

Utdelinga skjedde på Fausko i Hemsedal.

Den nasjonale kulturlandskapsprisen

Norsk Kulturarv har teke initiativ til Den nasjonale kulturlandskapsprisen.

Også i 2016 vart det foreslått gode kandidatar til prisen, men antal kandidatar gjorde at Landbruks- og matdepartementet, Landbruksdirektoratet og Norsk Kulturarv valgte å ikkje dele ut nokon pris.

Gjennomgangen av landets fag- og yrkesopplæring – «Lenge leve tradisjonshåndverket!»

I løpet av 2015 og fyrste halvår i 2016 var fleire grupper i arbeid med ein gjennomgang av fag- og yrkesopplæringa.

Vår styreleiar, Kirsti Kolle Grøndahl, leia den eine gruppa, «Yrkesfaglig utvalg for immatriell kulturarv og verneverdige fag».

Våren 2016 presenterte dei sin rapport, «Lenge leve tradisjonshåndverket!».

Utvalget skisserte ein struktur for opplæring i dei små, tradisjonelle hadverksfaga som på vesentlege punkt bryt med dagens utdanningsstruktur.

Dette anser utvalget som nødvendig, for at framtida for faga skal vera berekraftig.

Rapporten er til behandling i Kunnskapsdepartementet (KD) for så å bli sendt på offentleg høyring i løpet av våren 2017.

Høgskulestudie i tradisjonsmat og matkultur

Saman med Bodil Nordjøre og Arne Brimi tok Norsk Kulturarv initiativ til arbeidet med å få oppretta eit høgskulestudie i tradisjonsmat og matkultur ved Høgskulen i Lillehammer. Dette prosjektet er under arbeid.

Medieomtale

Det har vore arbeidd systematisk med kontakt mot pressa. Dette har ført til oppslag i nasjonale, regionale og lokale medium. Aksjonane våre – ikkje minst Norsk Smaksskule – får mykje god omtale.

Dekninga av overrekking av kvalitetsmerket Olavsrosa har vore svært god.

Representasjon og møte

Norsk Kulturarv har i løpet av meldingsåret deltatt i ei rekke møte med offentlege og private verksemdar.

Det har elles vore diverse kontaktmøte med stortingspolitikarar og representantar for departement og andre sentrale styremakter.

Kontaktmøte med ei rekke instansar og samarbeidspartnarar, slik som Norges Kulturvernforbund, Norsk Kulturminnefond, Riksantikvaren, Norges Bondelag, Norsk

Bonde- og småbrukarlag, Senter for Bygdekultur, Handverksskolen Hjerleid,

Sparebankstiftelsen DNB, Gjensidigestiftelsen, Opplysningsvesenets Fond, VIRKE, NHO, Innovasjon Norge, Norges Automobilforbund, Fagbevegelsen i Norge (LO) og andre.

12. Revisjon

BDO AS (Binder, Dijker, Otte & co) vart vald som revisor på årsmøtet i 2016.

Ansvarleg er statsautorisert revisor Rune Pettersen, Lillehammer.

Styret vil takke alle gode støtte-spelarar som har bidratt til arbeidet i meldingsåret.

Styret takkar også administrasjon for godt arbeid i 2016.

Oslo, 15. mars 2017



Kirsti Kolle Grøndahl
Styroleiar



Bjørn Ølander
Nestleiar



Jarle Braut
Styremedlem




Steinar Sørli
Styremedlem



Hanne Jakhelln
Styremedlem



Reidar Stangenes
Representant frå dei tilsette



Øystein Rudi
Styremedlem



Erik Lillebråten
Direktor

Resultatregnskap 2016

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2016	2015
<i>DRIFTSINNTEKTER</i>			
Medlemskontingenter		2 238 510	2 274 305
Inntekter fra samarbeidsavtaler	6	25 000	25 000
Prosjekttilskudd	11	3 290 589	2 770 376
Andre tilskudd/refusjoner	12	1 868 351	1 556 130
Diverse salgsinntekter og honorarer mv.		106 509	189 098
Sum driftsinntekter		<u>7 528 959</u>	<u>6 814 908</u>
<i>DRIFTSKOSTNADER</i>			
Varekostnad		61 657	52 056
Lønninger og sosiale kostnader	2	3 694 729	3 483 329
Ordinære avskrivninger	8	162 334	55 263
Kontorrekvisita,telefon og porto		116 169	127 871
Konsulentbistand, revisjon mv.	2	264 622	217 092
Bilgodtgjørelse, reise- og diettkostnader		547 939	690 714
Markedsførings- og utviklingskostnader		46 778	129 707
Kostnader vedrørende aksjoner		680 375	482 000
Kostnader vedrørende prosjekter		1 550 606	1 333 822
Produksjon og distribusjon av "KulturArven"		532 031	565 797
Administrasjonskostnader		272 947	412 070
Leie, lisenser datasystemer		148 440	146 166
Tap på fordringer	7	35 000	60 000
Sum driftskostnader		<u>8 113 627</u>	<u>7 755 887</u>
DRIFTSRESULTAT		<u>-584 668</u>	<u>-940 978</u>
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Renteinntekter		21 573	55 576
Andre finansinntekter		2 455	3 059
Andre rente- og finanskostnader		-809	-450 061
NETTO FINANSINNTEKTER		<u>23 219</u>	<u>-391 425</u>
ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		<u>-561 449</u>	<u>-1 332 404</u>
Skattekostnad på ordinært resultat		<u>0</u>	<u>0</u>
ÅRETS UNDERSKUDD		<u>-561 449</u>	<u>-1 332 404</u>
Opplysninger om:			
Overført fra annen egenkapital		-561 449	-1 332 404
Sum disponert		<u>-561 449</u>	<u>-1 332 404</u>

Balanse pr. 31.12.2016

EIENDELER	Note	2016	2015
<i>Anleggsmidler</i>			
Hjemmeside	8	509 848	516 564
Inventar og utstyr	8	49 719	77 794
Aksjer i Handverksskolen AS	3	110 000	110 000
Aksjer i Senter for Bygdekultur AS	3	100 000	100 000
Aksjer i Kulturlandskapsenteret i Telemark AS		5 000	5 000
Sum anleggsmidler		774 567	809 358
<i>Omløpsmidler</i>			
Varebeholdning		238 449	217 796
Kundefordringer	7, 10	507 875	633 507
Forskuddsbetalte kostnader		62 551	55 462
Andre kortsiktige fordringer	9	646 274	170 722
Kontanter og bankinnskudd	4	4 331 169	4 706 229
Sum omløpsmidler		5 786 318	5 783 716
SUM EIENDELER		6 560 885	6 593 074
EGENKAPITAL OG GJELD			
<i>EGENKAPITAL</i>			
<i>Innskutt egenkapital</i>			
Stiftelseskapital	13	200 000	200 000
Innskutt, registrert stiftelseskapital	5, 13	1 350 000	1 350 000
Sum bunden egenkapital		1 550 000	1 550 000
<i>Opptjent egenkapital</i>			
Annen egenkapital	13	1 836 142	2 397 591
Sum egenkapital og fondsmidler		1 836 142	2 397 591
SUM EGENKAPITAL		3 386 142	3 947 591
<i>GJELD</i>			
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		53 710	283 125
Skyldig skattetrekk		128 571	126 186
Skyldig arbeidsgiveravgift		45 993	51 563
Påløpne feriepenger		369 679	351 064
Periodiserte midler "Rydd et kulturminne"		468 640	369 490
Periodiserte midler "Norsk Smaksskole"		1 208 600	914 411
Periodiserte midler "Ta et tak"		0	33 894
Periodiserte midler "Dyrkekasseprosjektet"		227 356	0
Forskuddsbetalte medlemskontingenter		588 500	515 750
Annen kortsiktig gjeld		83 694	0
Sum kortsiktig gjeld		3 174 743	2 645 483
SUM GJELD		3 174 743	2 645 483
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		6 560 885	6 593 074

Noter

Note 1: Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Driftsinntekter: Salg av varer inntektsføres på leveringstidspunktet.

Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

Aksjer i datterselskaper og tilknyttede selskaper er oppført til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Varige driftsmidler avskrives lineært over forventet økonomisk levetid. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader. Gevinst eller tap ved avgang av driftsmidler føres under henholdsvis driftsinntekter og driftskostnader.

Note 2: Ansatte, godtgjørelse mv.

<u>Lønnskostnader mv.</u>	<u>2016</u>	<u>2015</u>
Lønninger	3.097.539	2.984.927
Arbeidsgiveravgift	224.836	211.965
Pensjonskostnader	362.233	281.548
Annen personalkostnad	10.121	4.888
Sum lønnskostnader mv.	3.694.729	3.483.329
Andel lønnskostnader direkte henført til prosjekter	710.527	677.587

Stiftelsen har i 2016 sysselsatt 5 årsverk.

Godtgjørelser daglig leder

Lønn	708.612
Andre ytelser	5.338

Godtgjørelser styret

Honorar styreleder	37.500
Andre styremedlemmer	17.500

Selskapet er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskapet har pensjonsordning som tilfredsstiller kravene etter denne loven.

Netto pensjonsforpliktelse knyttet til pensjonsordning hos KLP er per 31.12.16 er kr 1 207 636. Pensjonsforpliktelsen er i henhold til valgadgangen for små foretak ikke balanseført i regnskapet.

Revisor:

Kostnadsført honorar for lovpålagt revisjon og annen bistand i 2016 utgjør kr 89.654,-. Beløpet er oppgitt med forholdsmessig fradrag for mva.

Note 3: Aksjer

<u>Selskapets navn</u>	<u>Antall aksjer</u>	<u>Eierandel</u>
Senter for Bygdekultur AS	549	100 %
Håndverksskolen AS	10	67 %

Note 4: Bundne midler

I posten "Kontanter og bankinnskudd" inngår et beløp på kr 136.752,54 som er sperret som sikkerhet for inntrukne skattetrekksmidler. Trekkansvaret utgjør kr 128.571.

Note 5: Innskutt, registrert stiftelseskapital

Innskutt, registrert kapital er fordelt på i alt 27 medstiftere med et kapitalinnskudd på kr 50.000,- hver.

Note 6: Samarbeidsavtaler

Pr 31.12.2016 har Stiftelsen Norsk Kulturarv følgende samarbeidsavtaler som har tilført Stiftelsen midler i 2016:

<u>Avtalepart</u>	<u>Varighet</u>	<u>Økonomisk ramme 2016</u>	<u>Samlet beløp</u>
Opplysningsvesenets Fond	2016	25.000	25.000

Note 7: Avsetning tap på fordringer

Avsetning til tap på fordringer økes med kr 35 000 til totalt kr 135 000 i 2016.

Note 8: Inventar, utstyr og hjemmeside

Det vises til vedlagte avskrivningsoversikt.

Note 9: Andre kortsiktige fordringer

Beløpet gjelder:

- Til gode merverdiavgift, kr 35.449,-
- Til gode sykepengerefusjon, kr 50.825,-
- Til gode tilskudd Oppland fylkeskommune, kr 50.000,-
- Til gode tilskudd fiskeprosjektet, kr 250.000,-
- Til gode tilskudd dyrkekasseprosjektet, kr 260.000,-

Note 10: Kundefordringer

Beløpet gjelder i hovedsak utfakturerte medlemskontingenter for 2017.

Note 11: Prosjekttilskudd

	2016	2015
Tilskudd Årsmøte	20 000,00	10 000,00
Tilskudd Kulturlandskapsprisen	40 000,00	90 000,00
Tilskudd Ta et tak	420 894,00	516 106,00
Tilskudd Fiskeprosjektet	666 760,70	390 678,00
Tilskudd "Rydd et kulturminne"	400 850,00	55 622,00
Tilskudd dyrkekasseprosjektet	32 644,00	-
Tilskudd Norsk Smaksskole	1 709 440,00	1 707 970,00
sum	3 290 588,70	2 770 376,00

Tilskudd til prosjektene tas regnskapsmessig til inntekt i takt med at kostnadene vedrørende prosjektene påløper.

Note 12: Andre tilskudd/refusjoner

Av beløpet utgjør offentlige tilskudd fra Landbruks- og matdepartementet kr 353.500,-, Miljøverndepartementet kr 1.116.600,-

Note 13: Egenkapital

	Stiftelses- kapital	Innskutt, reg kapital	Annen egenkapital	Sum
Balanseført pr 31.12.2015	200 000	1 350 000	2 397 591	3 947 591
Årets underskudd	-	-	-561 449	-561 449
Balanseført pr 31.12.2016	200 000	1 350 000	1 836 142	3 386 142

Vågå, den 31. desember 2016 / 15. mars 2017


I styret for Stiftelsen Norsk Kulturarv



Kirsti Kolle Grøndahl
Leiar



Bjørn Ølander
Nestleiar



Øystein Rudi
Styremedlem



Jarle Braut
Styremedlem



Hanne Kristin Jakhelln
Styremedlem



Steinar Sorlie
Styremedlem



Reidar Stangenes
Styremedlem



Erik Lillebråten
Direktør



BDO AS
Storgata 178
2615 Lillehammer

Uavhengig revisors beretning

Til styret i Stiftelsen Norsk Kulturarv

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Stiftelsen Norsk Kulturarvs årsregnskap som består av balanse per 31. desember 2016, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2016, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlaget for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det kreves i lov og forskrift, og har oppfylt våre øvrige etiske plikter i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsberetningen, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.



Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av stiftelsens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige
- konkluderer vi på hensiktsmessigheten av ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen ved avleggelsen av årsregnskapet, basert på innhentede revisjonsbevis, og hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om stiftelsens evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifierer vår konklusjon om årsregnskapet og årsberetningen. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet inntil datoen for revisjonsberetningen.



Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at stiftelsen ikke fortsetter driften.

- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av stiftelsens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi stiftelsen er forvaltet og utdelinger er foretatt i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Lillehammer, 5. mai 2017

BDO AS

Rune Pettersen
Statsautorisert revisor

STØTT OSS – BLI MEDLEM!

www.kulturarv.no

Vern gjennom bruk er Norsk Kulturarvs visjon.

Gjennom samvirke mellom offentlege styresmakter, privat næringsliv og enkeltpersonar ønskjer Norsk Kulturarv å bidra til auka kunnskap og aktiv bruk av kulturarven vår. Kunnskap og bruk er det beste vernet av den norske kulturarven.

Kulturarv er ikkje berre gamle hus – det er matkultur og alt nordmenn har bygd, dyrka og dikta – frå vår gamle fellesarv til morgondagens kulturarv.

Norsk Kulturarv har eit breitt arbeidsområde, som omfattar alle delar av den materielle og immaterielle kulturarven – frå vikingskip til Prøysen.



Norsk Kulturarv
VERN GJENNOM BRUK

**Bli ein del av
Norsk Kulturarvs
nasjonale nettverk!**

Kontakt oss på
post@kulturarv.no

www.kulturarv.no

 [@norsksmaksskule](https://twitter.com/norsksmaksskule)

 [Stiftelsen Norsk Kulturarv](https://www.facebook.com/StiftelsenNorskKulturarv)

Besøk oss gjerne:

Ullinsvin, Edvard Storms veg 26 – 2680 Vågå



Støtt det praktiske
kulturvernarbeidet
gjennom medlemskap
i Norsk Kulturarv

Ønskjer du å bli medlem
i Norsk Kulturarv?
Send kodeord **KULTURARV**
til 2090. Medlemskap
kr 450,- pr. år.



Som medlem
får du magasinet
Kulturarven

